



Villanger & Sønner AS  
Kvassnesvegen 45  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/6469 - 22/79816

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
19.10.2022

## Mellombels bruksløyve for heile tiltaket - gbnr 214/38 Fyllingsnes

**Administrativt vedtak:** Saknr: 1157/22  
**Tiltakshavar:** Siv Olsson Tverberg  
**Ansvarleg søkjar:** Villanger & Sønner AS  
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for riving av eksisterande bustad og oppføring av ny einebustad med utleigeeining på gbnr 214/38 Fyllingsnes på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.
2. Ferdiggattest skal liggja føre innan 01.06.2023.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og rammeløyve i saka datert 04.10.2021.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Montering av eldstad og pipe
2. Ferdigstilling av listverk og parkett
3. Trykktest – uavhengig kontroll tettleik.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.06.2023.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 04.10.2023.

## VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

## Skildring

Adresse:	Littlevågsbrotet 32 A og 32 B
Bygningstiltak:	Riving av eksisterande fritidsbustad. Bygningsnummer: 176290005  Oppføring av ny einebustad med utleigeeining. Bygningsnummer: 300944774
Bruksareal:	Ny bustad: 263 m <sup>2</sup>
Avløp:	Privat
Vatn:	Kommunalt
Tal på røykløp:	1

## Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

## Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til sak nr.: 21/6469

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Niklas Krake  
Siv Olsson Tverberg

Fyllingsnesvegen 348 5913  
Fyllingsnesvegen 348 5913

EIKANGERVÅG  
EIKANGERVÅG

**Mottakarar:**

Villanger & Sønner AS

Kvassnesvegen 45 5914

ISDALSTØ